

Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalsto
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Alversund Maskinstasjon AS

Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Dykkar ref.	Sakshandsamar:
	Benjamin Hicks
Vår ref.	Telefon
2013/2253 - 0 - 14279/2013	56375000
Arkivkode:	Dato:
133/107	11.06.2013

Mangelbrev - gbnr 133/107 Soltveit søndre

Vi viser til Dykkar søknad motteke her 07.06.2013.

Før søknaden kan handsamast, må følgjande avklarast:

- Det er ikkje sendt inn koterte tverrprofilar der nabobygg mot nord og sør er skildra.
- Ein ber om tilbakemelding om korleis skråningar er tenkt sikra.
- Slik vi lesar innsendte profiler vert det ei 7 meter høg skjæring. Ein ber om tilbakemelding om korleis naboens veg i sør vert sikra mot utrasing.
- Ein ber om tilbakemelding om korleis Lindås kommune sine retningslinjer for bygnings- og utemiljø vert ivareteken i dette tiltaket.

Overnemnde manglar er til hinder for at kommunen kan ta standpunkt til om vilkåra for gi løyve er stetta. Dette må rettast før kommunen kan fatte vedtak i saka.

Andre tilhøve


Etter det vi er kjent med er det gjort arbeid på eigedomen, jf. skråfoto:



Vi gjer merksam på at det ikkje er kapasitet på avløpet i området. Nye bustader vert ikkje tillate oppført i området før dette er på plass. Kommunen er sterkt negativ til å gi løyve til planering av ei tomt når det kan ta fleire år før det er nok kapasitet slik at det ev. kan tillast oppført bustad på eigedomen.

Vi minner deg om at Lindås kommune har vedteke retningslinjer for bygnings- og utemiljø. I desse prinsippa går det fram at ein skal ta vare på eksisterande terrengform og vegetasjon. Vidare at ein skal plassere og forme ut bygg slik at det vert lite endring av terreng, dvs. at grunnmuren må passast fint inn i terrenget.

Etter det vi kan forstå vil de planere terrenget flatt:



Ein kan ikkje sjå at kommunens prinsipp vert fylgt. Vi vil sterkt oppfordre søker å endre/trekke søknaden.

Vidare forstår vi situasjonsplanen slik at det vert etablert ny tilkomst over eigedomen mot nord. Tilkomsten vil redusere kvalitetane på uteområdet til eksisterande fritidsbustad. Vi gjer merksam på at dersom det vert etablert tilkomst over eigedomen vil det vanskeleggjere ei eventuell seinare bruksendring av naboeigedomen til bustadføre mål.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C.5.2.u Mangelbrev	1.000
SUM	1.000

Fristar.

Vi gjer merksam på at inntil manglane er ordna, vert saka lagt i ventearkiv. Det vert her gjeve 4 vekers frist for retting av manglar. Viss manglane ikkje er retta innafør fristen, kan saka verte sendt i retur og avslutta utan vidare varsel. Byggearbeida kan ikkje setjast i gang før det er gitt skriftleg løyve frå kommunen.

Mødt helsing

Einar Urheim
Einar Urheim
fagleiar byggesak

Benjamin Hicks
Benjamin Hicks
rådgjevar

Kopi til:

Johannes Bø Mangerøy Røysetvegen 56 5918 FREKHAUG